



## Spørsmåla vi ønskjer svar på

### Kvalifiseringsprogrammet (KVP)

- Beskriv korleis de tek hand om ansvaret for KVP, og om det har skjedd endringar i dette etter at lovendringa tredde i kraft 1. januar 2019?
- På kva måte skaffar Nav-kontoret seg oversikt over personar i målgruppa for KVP?
- Korleis sikrar Nav-kontoret at personar i målgruppa blir identifisert og får informasjon om KVP, samt får tilbod om program?
- Korleis sikrar ditt Nav-kontor at det alltid vurderast om brukar fyller inngangsvilkåra for KVP før det stillast vilkår om aktivitet for unge under 30 år?
- Beskriv eventuelle utfordringar knytt til at alle personar i målgruppa for KVP blir vurdert for deltaking og får tilbod om program
- Har de andre utfordringar knytt til KVP?
- Kva kjenneteiknar, etter dykkar vurdering, Nav-kontor som arbeider godt med KVP?
- Har de andre tilbakemeldingar om KVP? Kva tiltak ønskjer de at Fylkesmannen skal gjere for å støtte Nav-kontorets arbeid med KVP?

### Vilkår om aktivitet for mottakarar av økonomisk stønad under 30 år

- Kva erfaringar har Nav-kontoret med aktivitetsplikt for mottakarar av økonomisk stønad under 30 år?
- I kva grad bidrar aktivitetsplikta til at mottakarar av økonomisk stønad under 30 år kjem i arbeid i dykkar kommune/bydel?
- I kva grad bidrar aktivitetsplikta til at mottakarar av økonomisk stønad under 30 år startar eller tek opp att utdanning i din kommune/bydel?

Har de andre tilbakemeldingar frå Nav-kontoret om aktivitetsplikt?

### Digitalisering av sosiale tenester

- Kva digitale tiltak har Nav- kontoret sett i verk eller fortsett å tilby for dei sosiale tenestene i 2020 (Digisos, skriv til oss m.m.)?
- Korleis vurderer de at dei digitale tiltaka har påverka tilgjenge til dei sosiale tenestene ved Nav- kontoret i 2020?
- Korleis vurderer de at dei digitale tiltaka har påverka kvaliteten av dei sosiale tenestene ved Nav-kontoret i 2020?